

Roger Hartveit
Eikefet
5994 Vikanes

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/8281 - 22/95077

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
14.12.2022

Løyve til å byggje landbruksveg på gnr. 221, bnr. 1 Eikefet i Alver kommune

Administrativt vedtak: Saknr: 1436/22

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Roger Hartveit løyve til å byggje/oppgradere omsøkt landbruksveg til fungerande driftsveg på gnr. 221, bnr. 1 Eikefet i Alver.

Vilkår:

- Under arbeidet må søker så langt råd er unngå inngrep i og/eller skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter med meir.
- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering varslast.
- I høve avkørsle til E39 lyt søker før arbeidet tek til, avklare om det er naudsynt med endringsløyve/nytt avkørsleløyve til Europavegen.
- Vegen må byggjast i samsvar med tekniske krav i «normaler for landbruksvegar – med byggebeskrivelse, men kan fråvike desse krava der det er naudsynt.
- Vedtaket er gyldig til 31.01.2026.
- Arbeidet skal vere ferdig innan 31.01.2027.
- Etter ferdig bygging skal området ryddast.
- Tiltakshavar lyt sjølv syte for tryggleiken i området både under arbeidet og ved seinare bruk av vegen.

Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet, fell løyvet bort jf. landbruksvegforskrifta § 3-2.

Saka gjeld

Roger Hartveit søker om å byggje landbruksveg i vegklasse 8 – enkel traktorveg. Vegen vil verte om lag 620 m og med dekningsområde er på om lag 35 daa beite på Eikefetneset.

Uttak skog til ved vil vere aktuelt. Føremålet er i fyrste rekke ein drifteveg til dyra, der det òg kan verte aktuelt med enkel framkome for traktor. Dette for vedutak. Vegen vil stadvis avvike i høve krava for vegklasse 8 sett i «normaler for landbruksvegar – med byggebeskrivelse». Vegen er kostnadsrekna til om lag kr 600.000. Store delar av vegen er alt bygd frå gammalt av, men den har fått skade av fleire skred framigjennom tidene. Vegen går i bratt terrenget der første del av traséen går langs med sjøen, for deretter å stige bratt opp mot Eikefetneset.

VURDERING:

Føremålet med forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar er å sikre at slike vegrar gjev landbruksfaglege heilskapsløysingar. Det skal samstundes leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og eventuelt andre interesser som vert råka av vegframføringa.

Vegen vil i denne saka i fyrste rekke tene jordbruksføremål, men òg mindre skoginteresser i form av uttak av skog til ved. Søknaden er såleis i tråd med nemnte forskrift.


Gnr. 221, bnr. 1 er eigd av Johannes Tyssebotnen. Tyssebotnen har i stadfesting av 23.11.2022 stadfesta at det er i orden at Roger Hartveit oppgraderer vegen.

Eksisterande drifteveg er skada på grunn av ras fleire stader framover den bratte lia. I dag må sokjar drive dyra (ammekyr) opp i om lag 900m.o.h., via Krokadavassdalen og nedatt Søre Tverrdalen og om Eikjemo for å få dyra heim. Dette er særstegnert tungvindt og dels farleg for dyra i det bratte terrenget.

Vegen skal gå i den bratte lia om lag slik som skissert i fig. 1 – 2 nedanfor/neste side.

Saka vart sendt på høyring til Statsforvaltaren, Vestland fylkes-kommune og Alver kommune, kultur for uttale.

Statsforvaltaren i Vestland har ikkje merknader til søknaden.



Vestland fylkeskommune kan ikkje sjå at traséen kjem i direkte konflikt med kjende automatisk freda kulturminne.

Fylkeskommunen har difor ingen avgjerande merknader utover at ein under arbeidet sökje å unngå inngrep/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter med meir.

Fylkeskommunen syner òg til meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2.ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under arbeidet, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune. Alt arbeid må då stoggast til rette forvaltningsmynde har vurdert funnet. Eventuell gransking vil verte gjennomført mindre enn 3 dagar etter melding om mogleg funn.

Fig. 1. Oversyn over traséen til driftevegen.

Satsforvaltaren har vurdert både miljø- og landbruksinteressene. Statsforvaltaren har ingen merknad til søknaden.

Alver kommune, kultur har ikkje kome med attendemelding.

Kommunen har søkt i naturbasen (via gardskart) og artsdatabanken. Det er ikkje gjort funn i traséen eller området i nærleiken.

Slike søknadar skal vurderast etter naturmangfaldslova §§ 8-12 jf. § 7. Ut frå det som kjem fram ovanfor finn vi at kravet om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldslova § 8 er godt nok til å fatte vedtak. Vidare er «føre-van» prinsippet teke i vare med det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, slik intensjonane i naturmangfaldslova § 9 føreset. Vi kan heller ikkje sjå at den samla byrda for økosystemet er nemneverdig lidande jf. naturmangfaldslova § 10. Vegen er avgrensa i omfang og gjev heller ikkje, etter kommunen sitt syn, nemneverdige ulemper og gjev slik sett best mogleg lokalisering jf. naturmangfaldslova §§ 11 og 12.



Fig. 2. Omtentleg trasé for driftevegen synt som raud stripla line.

Driftevegen startar i dag aust for dyrkamarka og vil halde fram med det etter oppgraderinga. Kommunen kan ikkje ta stilling til om vegeigar av off. veg vil krevje endringsløyve i høve eksisterande avkjørsle og/eller godkjent løyve. Søkjar lyt sjølv avklare dette spørsmålet ved vegeigar som i dette tilfellet er Statens vegvesen.

Skredfare.

Tiltaket ligg i skredutsett område. Det er jo nett dette som er grunnen til at søknaden no ligg til avgjerd i kommunen.

Kartet neste side syner grovt rekna kvar aktsemomsområdet (løsne- og utlaupsområdet) for snøskred er (raude fargar) og aktsemomsområder for steinsprang (svart markering). Som vi ser ligg heile tiltaksområdet innanfor aktsemomsområda for både snøskred og steinsprang. Det er vel få, om nokon, som kjenner som området så godt som tiltakshavar.

Tiltakshavar lyt sjølv syte for at tryggleiken er teken i vare under arbeidet.




Fig. 3. Synleggjering av aktsemndsområder i skredfaren i området arbeidet med driftvegen skal gjennomførast. Mørk raud farge er løsneområde for snøskred og lysare raud farge er utløpsområde (der skred kan stogge) for skred. Svart fare er områder utsatt for steinsprang.
Kjelde: www.Atlas.nve.no

Etter ei samla vurdering og med grunnlag i det som kjem fram ovanfor, finn kommunen at søknaden kan komast i møte.

Regelverk

- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.
- Normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse
- Naturmangfaldslova
- Forvaltningslova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/8281»

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Roger Hartveit

Eikefet

5994 Vikanes